

TROLLHAUGEN BARNEHAGE

ÅRSPLAN 2019/20



Trollhaugen Barnehage Stranda SA
Dalevegen 165, 6200 Stranda
Tlf.: 934 01 213 / 934 01 558, e-post: trollhaugenbarnehage@outlook.com
Facebook: Trollhaugen Barnehage Stranda SA
Instagram: trollhaugenbarnehage

KORT PRESENTASJON AV BARNEHAGEN

Trollhaugen barnehage er ein 1-avdelings foreldreieigd samvirkebarnehage som ligg i Dalevegen 165, Sløgstadmarka.

Vi har ei flott løe, variert uteområde og store skogsområder bak barnehagen som er fine å nytte til turar.

Barnehagen er open for barn 0 - 6 år, fordelt på 18 - 24 plassar.

Barnehagen gir tilbod om ulike opphaldstider, frå 17 - 45 t/v, og har for tida åpent mandag - fredag kl. 6.45 - 16.15.

PERSONALET HAUST 2019:

Gro Anita Loen Sve	100% styrar	91332125/93401213
Hilde Løvoll	100% pedagogisk leiar	41284165/93401558
Veronica Skeide	100% barnehagelærer	95474990/93401558
Linda Ludvigsen	80% assistent	
Vilde Hjelle	80% assistent	

Reinhaldar: Malgorzata Dymek, ca 20%

KONTAKTE BARNEHAGEN:

Telefon avdeling: 93401558.

- Bruk helst denne til beskjedar for avdelinga.

Telefon styrer: 93401213 / 91332125 (privat)

E-post: trollhaugenbarnehage@outlook.com

Facebook:

- Foreldregruppe Trollhaugen bhg (denne er kun for foreldre og personale.
- Trollhaugen Barnehage Stranda SA (åpen for alle)

Instagram:

- Trollhaugenbarnehage

EIGARSTYRET:

Eigarstyret består av 4 andelseigarane (foreldra sine representantar), ein representant frå kommunen og ein frå dei tilsette. Dei skal ivareta eigarane sine rettar og plikter.

Leiar:	Hanne Siem
Nestleiar:	Trond Otto Berg
Styremedlem:	Kim Ove Tretteskog, dugnadsansvarlig Tomasz Cybulski, dugnadsansvarleg
Kommunal rep.:	Tove Iren Knivsflå
Personalrep.:	Hilde Løvoll
Varamedlemmer:	Mathias Langlo Karoline Opsjøn Andreassen

SAMARBEIDSUTVALET (SU): Barnehagelova § 4

SU skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ, og sikre samarbeid med barna sine heimar. SU består av 2 foreldre og 2 ansatte i barnehagen.

SU skal bl.a godkjenne barnehagen sin årsplan.

Leiar:	Agne Gailiune (forelder)
Medlemmar:	Silje Ludvigsen (forelder) Linda Ludvigsen (personale) Veronica Skeide (personale)
Varamedlem:	Ausra Rudzianskiene (forelder)

LOV OM BARNEHAGER OG RAMMEPLAN

Barnehagane i Norge regulerast av **Barnehagelova** vedtatt 17.juni 2005, sist endra 22.juni 2018. Med heimel i lova har Kunnskapsdepartementet fastsett **Forskrift om Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.**

Lov om barnehagar, §1 Formål (kort utdrag)

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»

Lov om barnehager, §2 Barnehagens innhold (kort utdrag)

«Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfulle opplevelser og aktiviteter. Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagen sitt innhold og oppgaver, og skal ligge til grunn for barnehagen sin årsplan.»

De kan lese meir med å gå inn på www.lovdatab.no ,- Lov om barnehager

Rammeplan (Kort utdrag frå Rammeplan kap. 3)

«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskertrang. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse (fremje vennskap og fellesskap) og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.»

Gjennom faste og spontane aktiviteter og lek skal barnehagen inneholde element frå 7 ulike fagområde:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

Eit fagområde vil sjeldan eller aldri opptre åleine, men vil vere representert gjennom temaarbeid og i samband med lek og kvardagsaktivitetar.

Vi vil gjennom kvart tema vi jobber med, sette opp eit skjema over dei 7 fagområde og skrive ned korleis dei ulike fagområda er representert i temaet vi jobber med.

Rammeplan kan lastast ned her:

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-bokmal2017.pdf>

VERDIAR OG VISJON:

Verdiane skal vere berekrafta for det pedagogiske grunnsynet som vi skal bygge det daglege arbeidet vårt på i barnehagen.

«LITEN, MED STORT HJERTE»

- **Velkommen**
- **Tryggleik**
- **Kreativitet**
- **Anerkjennelse**



Dei 4 grunnverdiane har også underpunkt og utdjupingar.

HANDLINGSPLAN 2019/20

Utanom denne årsplanen vil de få eit info.skriv kvar gong vi begynner med eit nytt tema. Der vil det stå kva tema vi vil jobbe med den neste månaden, og kva mål og metode vi har for dette.

Vi vil bruke loftet til mindre grupper.

GENERELL VEKEPLAN:

Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Temasamling	Temasamling	Sangsamling	Temasamling	Temasamling
	Aldersheim		5-års klubb	Turdag / gym

Gr. Samling:

Gr. 1: Emilis, Maja, Viktor, Kenneth, Aslak, Lukas og Thea

Gr. 2: Liam, Magilini, Miriam, Mathias, Linnea og Sevi

Tema vi vil jobbe med 2019/20

- August: Tilvenning og turar
- September: Brannvern
- Oktober: Forut og fotoutstilling
- Nov. /des.: Juleførebuing

Tema for vår-halvåret vil vi bestemme på møte i desember.

MITT VALG (VENNSKAP OG INKLUDERING)

Vi jobber med «Mitt valg», som er eit program for å jobbe med vennskap og inkludering, og for utvikling av eit godt læringsmiljø og læring av sosial kompetanse. Forebygging mot mobbing.

Identitetsutvikling, sosial tilhørighet og mestringsevne er viktige element i dette arbeidet.

I år jobber vi med dette i praksis gjennom barnehagekvardagen vår, ikkje som tema i samlingane våre.

«Mitt valg» trener barn og unge i:

- å ta ansvar og sette grenser
- å kommunisere godt
- å bygge sjølvkjensle
- å ta beslutningar
- å sette seg mål



SPRÅK OG «TEGN-TIL-TALE»

Vår barnehage bruker «tegn-til-tale», det vil sei at vi bruker tegn og tale samtidig. Dette gjer vi for å forsterke det vi seier til barna, og det er positivt for alle barn si språkutvikling. Noken barn treng, og har rett på, tegn som ein del av sitt språk, men alle barn vil ha god nytte av dette.

Vi voksne bruker språket aktivt gjennom dagen i samspel med barna, og skal slik vere gode rollemodellar for dei, gjennom begrepslæring og bruk av tegn.

Leik er ein spesielt viktig arena for språklæring og utvikling.

De kan følge og lære tegna på facebook: tegn til tale - tegnkalender

Tradisjoner i løpet av året:

- Aldersheimen: Besøke dei eldre på Solbakken anna kvar veke gjennom prosjektet «Livsglede for eldre»
 - Ein livsgledebarnehage besøker eldre i sitt nærmiljø jevnlig, og skaper gode opplevelsar gjennom felles aktivitetar (sjå meir på www.livsgledebarnehage.no)
- Jul: Innhald i korte trekk
 - Vi formidler kristne bodskap
 - Julegudstjeneste for alle barna over 3 år.
 - Utedag 1.desember, der vi markerer starten på førjulstida.
 - Nissefest
 - Juleverkstad, der vi deler oss opp i mindre grupper og lager julegâver og julepynt.
 - Besøker Aldersheimen (Solbakken) på Lucia-dagen.
 - Syng julesanger og les julebøker (historier)
- Karneval: Fastelavensboller og karneval en dag rundt fastelavenssøndag.
- Påske: Innhald i korte trekk
 - Vi formidler kristne bodskap
 - Vi arrangerer påskelunsj for foreldre og anna familie
 - Påskeverkstad, deler oss opp i mindre grupper og lager påskepynt.
- Sommarfest



5-ÅRINGANE

Overgang barnehage - skule

Det siste året før skulestart skal vere litt spesielt. Det er i Stranda kommune utarbeidd ein eigen plan for kva førskulebarna skal gjennom det siste året i barnehagen.

Målet er å få til eit positivt og godt opplegg for overgangen barnehage - skule. Dette er ein plan som forpliktar både for barnehage, skule, helsestasjon og PPT. For barnehagen inneber planen i hovudtrekk:

- 5-års klubb i barnehagen ein gong i veka, der dei er innom ulike førebuande «skuletema».
- 4-5 avtalte førskulereff for alle barnehagane.
- Foreldresamtalar haust og vår med spesielt fokus på skulestart og førebuing til det.
- Besøke skulen barna skal begynne på.

I år er det Hilde som har ansvar for 5-års klubben. Dei får eigen plan.



DAGSRYTME:

6.45-10.00	Velkommen! Barna kjem. Leik på avdelinga.
7.30 - 8.15	Frukost. Ungane et frukost når dei kjem (viss dei ikkje har ete heime). Dei som kjem etter kl. 8.00 må ha ete heime. Har dei ete heime kan dei gå og leike seg.
10.00	Samling
10.15 / 10.30	Mellommåltid. Yoghurt / skive / frukt
	Dorunde. Vi kler på og går ut
11.15 - 13.30	Utetid (meir ute når det er fint ver /sommar) Pausar
	Handvask
13.30	Måltid
14.00-	Leik eller anna aktivitet på avdelinga
- 16.15	Barnehagen stenger

BARNEGRUPPA VED TROLLHAUGEN BARNEHAGE 2019/20

EMILIS GAILIUNAS

MAJA CYBULSKA

VIKTOR TKACZ

KENNETH HELLEBUST

LUKAS RISMARK TRETTEKOG

ASLAK SIEM KONNERTH

THEA HELLEBUST

LIAM OPSJØN LANGLO

MAGILINI PRIYATHARSAN

MATHIAS SIEM KONNERTH

MIRIAM LOUISE BERG

LINNEA CORNELIUSSEN

SEVI JONNY KARLSSON

BARNEHAGERUTE TROLLHAUGEN 2019 / 20

Månad	Trollhaugen barnehage	Skule / komm. b.hg	Møte
AUGUST	Barnehageåret vert rekna frå 01.08.18 Første dag etter ferien er tirsdag 06.08.19. Mandag 05.08 barnehagen stengt, plandag for personalet	Første skuledag mandag 19.08.19	
SEPTEMBER			Styremøte 23.09
OKTOBER	Barnehagen er open veke 41, men vi vil gjerne vite om nokon kjem til å ha noko fri.	Haustferie i skulen veke 41, 07.10-11.10.18	Styremøte 14.10
NOVEMBER			Styremøte
DESEMBER	Barnehagen stengt fredag 06.12.19 , felles plandag for alle barnehagane. Siste dagen før jul er fredag 20.12.19. Barnehagen er stengt i romjula. 23.-31.12. Dette er feriedagar for pers.	Alle barnehagane plandag 06.12.19 Siste barnehage -og skuledag før jul fredag 20.12.19. Bhg stengt i romjula	Styremøte
JANUAR	Barnehagen stengt torsdag 02.01.20, plandag for personalet Første dag etter nyttår er fredag 03.01.20, om behovet er stort nok.	Barnehagane plandag 02.01 Første skuledag etter nyttår er mandag 06.01.20.	Styremøte
FEBRUAR	Barnehagen er open veke 8, men vi vil gjerne vite om nokon kjem til å ha noko fri.	Vinterferie i skulen veke 8, 17.02 – 21.02.20	Styremøte
MARS			Styremøte
APRIL	Påska er barnehagen i utgangspunktet stengt f.o.m mandag 06.04 t.o.m mandag 13.04.20, men kan haldast opent 06.-08.04 ved stort nok behov.	Påskeferie skule og barnehagar mandag 06.04 – t.o.m mandag 13.04.20	Styremøte Årsmøte
MAI	Barnehagen stengt fredag 22.05.20 Plandag for personalet.	Skulefri fredag 22.05 Barnehagane plandag 22.05	Styremøte
JUNI		Siste skuledag fredag 19.06.20	Styremøte
JULI			

KONTAKT HEIM - BARNEHAGE (vurdering og dokumentasjon)

Etter formålsparagrafen i Lov om barnehager §1, skal barnehageverksemda gå føre seg i nær forståing og samarbeid med heimen til barnet.

Personalet i Trollhaugen barnehage arbeider for å ha eit godt foreldresamarbeid. Foreldra blir oppfordra til å vere aktive og kome med synspunkt på det arbeidet som blir gjort i barnehagen.

Dagleg kontakt:

Den daglege kontakta når barna vert levert og henta er veldig viktig. Då kan vi gi og ta imot beskjed, og snakke om ting som har skjedd i løpet av dagen.

Den daglege foreldrekontakta er utgangspunkt for vidare samarbeid

Bilder:

Vi tek bilder i ulike situasjonar. Her vert kvardagsliv, turar og opplevingar dokumentert. Bilda vert sendt ut til foreldra med jamne mellomrom.

Viktig at de ikkje publiserer noko bilde vidare på ulike sosiale medier utan samtykke frå dei som er med på bilda. Dette gjeld også bilder de tar sjølv ved ulike arrangement i barnehagen.

Facebook:

Vi har ei eiga lukka facebook-side for foreldre og personale. Her legg vi ut bilder og litt tekst av ulike situasjoner og arbeid gjennom veka, i tillegg til praktiske opplysninger og påminninger. Dette blir ein del av informasjonen og dokumentasjonen vår til foreldre.

I tillegg har vi ei offentleg facebook-side, der vi 1-2 gonger i månaden legg ut litt om oss, kva vi gjer og kva vi står for.

Instagram:

Vi har no også laga ein instagram-konto for barnehagen. Her blir lagt ut mykje det samme som åpne facebook-sida.

Månadsplaner og info.skriv:

Månadsplanar vert delt ut til foreldra kvar månad. Ved nytt tema vert det levert ut ein periodeplan / info.skriv.

Foreldresamtaler:

Vi kaller inn til foreldresamtale to gonger i året, ein på hausten og ein på våren. Men det er mulighet for å avtale foreldresamtale gjennom heile året dersom de ønsker andre tider. Ta kontakt med styrar eller ped.leiar og avtal tid.

Foreldremøte:

Barnehagen arrangerer 1-2 foreldremøte i året. Desse vil innehalde generell informasjon eller vi kan ta opp ulike tema, då av og til med eksternt bidrag.

Personalmøter:

Om lag 1 gong i månaden har personalet møte. Er det saker du vil vi skal ta opp der, så kan du gi beskjed til styrar eller du kan gi melding til leiar i styret eller SU, slik at dei kan formidle vidare til styrar.

Observasjon av enkeltbarn

Gjennom dei vanlege kvardagssituasjonane og leik ser vi korleis barn fungerer, vi ser på trivsel og vennskap, språk og motorikk. Tras er eit observasjonsmaterieell som vi av og til bruker i observasjoner av språk. Tras betyr tidleg registrering av språk.

SAMARBEID ANDRE INSTANSAR

Pedagogisk-psykologisk tjeneste (PPT)

PPT er ein fagleg instans som kan gi sakkundig vurdering og tilråding om spesialpedagogisk hjelp. Det kan gjelde enkeltbarn eller gruppe. Dersom barnehagen ønskjer samarbeid om og hjelp til enkeltbarn i barnehagen, må foreldra gi sitt samtykke til det og trekkast aktivt inn i arbeidet.

Helsestasjon

Helsestasjonen har ansvar for å drive generelt førebyggjande og helsefremmande arbeid for å trygge barn sine oppvekstvilkår i kommuna, og for å foreslå at det vert søkt barnehageplass for barn med særskilde behov.

Barnehagen kan søke råd vedrørande sjukdom og hygiene osv., og formidle kontakt mellom barna sin heim og helsestasjon.

Barnevernstjenesta

Barnevernets hovudoppgåve er å sikre at barn som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg. For at barnevernet skal kunne ivareta denne oppgåva, er dei avhengig av opplysningar frå andre. Barnehagane har melde -og opplysningsplikt til barnevernet.

BTI (betre tverrfaglig innsats)

Dette er ei gruppe for tverrfaglig samarbeid mellom helsestasjon, PPT, barnevern og barnehagen. Føremålet er å styrke og ivareta det tverrfaglige samarbeidet og kunne fange opp utfordringar på eit tidleg stadie. Styrar er ansvarleg for å kalle inn til 2 møter i året.

Skulane

Gjennom samarbeidsprosjektet «Den gode skulestart» skal barnehagen og skulen legge til rette for at overgangen skal bli så god og forutsigbar som mulig for førskulebarna.

Barnehagen kan og ha samarbeid med den vidaregåande skulen med praksisplassar for sine elevar innanfor Helse- og sosialfag og Barne- og ungdomsarbeidarar.

Kommuna

Stranda kommune har det øverste tilsynsmynde med alle barnehagane i kommuna.

Styraryane i alle barnehagane er med i styrarnettverk, som er leia av Kommunalsjef Oppvekst.



PRAKTISK INFORMASJON

Opningstidene i barnehagen er 06.45 - 16.15

Bli det stort nok behov for andre opningstider, så vil vi endre den, enten de treng tidlegare opning eller seinare stengt. Men det må vere minst 3 som treng anna opningstid.

Opphaldstida til barnet dykkar står i svar på søknad om barnehageplass. Vi vil minne om at det i den tida skal vere medrekna tid til levering og henting.

Vedr. stenging i feriar og høgtider, henviser vi til Barnehagevedtektene.

Leige av barnehagen

Foreldre kan leige barnehagen ettermiddag/kveld eller helg til t.d bursdagsfeiring eller andre selskap. Dette må avtalast med personale, så får de skrive under ei kontrakt. Pris for leige for foreldre er kr. 200,-. Andre kan leige barnehagen for kr. 500,-.

Barna må ha med:

- Ekstra klebyte som kan ligge i barnehagen: undertøy, strømpe, strømpebukse, gensar, bukse, raggar og lignende.
- Gode kle til utebruk: regnkle, dress, støvlar, hue, vottar, vinterdress, vintersko og lignende. Alt etter årstid og ver.
- Gymsokkar til innebruk.
- Bleier og eingangsvaskeklutar til dei som brukar det.

Husk å sjekke hylla ofte og fyll opp med nye klær når det er tomt. For barn som held på å slutte med bleie må det ligge rikeleg med ekstraklær.

Det er viktig at alt blir merka med namn (kle, skotøy m.m.). Også bilstol/ -pute. Bestill navnelapper eller bruk sprittusj.

Niste på tur:

- Når vi skal på tur, ber vi dykk som oftast å ta med niste til barna. De får beskjed når det ikkje er nødvendig.
- Dette ønsker vi nista skal innehalde:
 - Brødskive / knekkebrød med sunt pålegg.
 - Evnt frukt
 - **At barna ikkje har med kjeks eller anna søtsaker.**

Bursdagsfeiring

Når det gjeld **bursdagsfeiring i barnehagen**, feirer vi 1 gong i løpet av dagen med noko som de har med. Når det gjeld **bursdagskort** til invitasjon til selskap utanom barnehagen, ber vi om at dette blir gjort privat og ikkje i barnehagen. Det er så lett for at barna blir så fokusert på kven som har fått kort og ikkje.

Bilder på nett og sosiale medier:

- Tar de bilder av andre barn eller voksne, kan de ikkje dele dette på facebook, twitter etc., utan samtykke frå dei som er på bilde.
- Og bilder vi sender til dykk, er ikkje lov å laste vidare inn på facebook etc.

Sjukdom:

Er barnet sjuk, må de halde det heime frå barnehagen, men det kan ofte vere vanskeleg å vurdere kor frisk ein må vere for å kunne kome i barnehagen. Barna må vere friske nok til å vere ute når dei kjem att etter sjukdom.

Her er nokre hovudreglar: Felles for alle barnehagane i kommunen.

- **Feber:** som hovudregel skal barn med feber haldast heime og bør ha ein symptomfri dag før dei går i barnehage att.

Allmentilstanden må vere med og bestemme når barnet er frisk nok til å gå i barnehagen.

- Oppkast / diare: det **skal** gå 48 timar frå man sluttar å ha symptomer til man kjem tilbake i barnehagen.
- Vannkopper: barnet kan kome tilbake til barnehagen når utslettet har begynt å tørke inn. Dersom barn/søsken til barn i barnehagen har immunsvikt av noko slag, skal dei gjevast beskjed om at det går vannkopper.
- Augekatarr: Ved mild til moderat augekatarr kan barnet vere i barnehagen. Ved kraftig augekatarr (mykje puss-danning), er det vanlegvis behov for kontakt med lege.
Almenntilstanden til barnet vil vere avgjerande om barnet kan vere i barnehagen. Dersom lege igongset behandling kan barnet vere i barnehagen dagen etter igongsetting.
- Brennkopper: Dersom ein mistenker brennkopper bør ein kontakte lege. Barn må haldast heime til brennkoppene er under kontroll for å unngå smitte til andre barn.



Medisinering i barnehagen

Dersom barnet ved sjukdom har behov for medisinar så ønsker vi så langt det er råd at foreldra gir det dei kan heime. Må barnet ha medisin i løpet av barnehagedagen er vi sjølvsgt behjelpeleg med det.

DUGNAD:

Dugnad i Trollhaugen barnehage er frivillig, men det trengst likevel av og til for å halde barnehagen og eigendelane våre fine.

Det blir arrangert fellesdugnad vår og haust for å få unna det viktigaste av dugnadsoppgåver.

Vi håper på godt samarbeid med alle foreldre om å få utføre nødvendige dugnadsoppgåver i barnehagen til beste for barna og barnehagen.

Ellers har Trollhaugen leigd inn vaktmester, ca 2 t/v for å lette på dugnadsarbeidet.



VELKOMMEN TIL OSS



Trollhaugen Barnehage Stranda SA
Dalevegen 165, 6200 Stranda
Tlf.: 934 01 213 / 934 01 558, e-post: trollhaugenbarnehage@outlook.com
Facebook: Trollhaugen Barnehage Stranda SA
Instagram: trollhaugenbarnehage